

Kvittering på innsendt høringssvar på Høyring - forslag til ny, heilskapleg språklov

Høyringa sitt saksnummer: 18/2017

Høyring: Høyring - forslag til ny, heilskapleg språklov

Levert: 15.11.2019 12:38

Svaratype:

Eg svarte som: Anna

Avsendar: Den norske kyrkja – Kyrkjerådet

Kontaktperson: Ole Inge Bekkelund

Kontakt e-post: ob377@kirken.no

Kyrkjerådet for Den norske kyrkja støttar at det blir laga ei ny samla språklov som tydeleg slår fast at det offentlege har eit ansvar for å sikra statusen til norsk språk som eit samfunnsberande språk – og gir offisiell status til samiske språk, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

For Den norske kyrkja er det viktig å ha både bokmål og nynorsk som levande skriftspråk. Den norske kyrkja er ein viktig språkaktør, mellom anna gjennom arbeidet med salmebok. Kyrkja har lagt vekt på å utvide språkområdet sitt og salmeboka inneheld nå både bokmål, nynorsk, samiske språk og kvensk. Kyrkjerådet ser det som særst positivt at norsk teiknspråk får ei sterkare stilling i den nye lova.

«Språk er ytringskultur som gir gjenkjennelse og nærhet. Det skaper stoltheit og trygghet for enkeltmennesket å kunne ytre seg på sitt morsmål innan samfunnsliv og i det offentlige rom, men ikke minst i enkeltmenneskets gudstjenesteliv og religiøse utfoldelse. Det er derfor av betydning langt utenfor kirken at det ukentlig holdes gudstjenester med liturgi og salmer på bokmål, nynorsk, samisk, kvensk og tegnspråk som helligspråk for dagens mennesker, og at kirken bruker disse språkene som sitt administrasjonsspråk» (Sak KM 11/18)

I kyrkjeordninga for Den norske kyrkja som blei vedtatt på Kyrkjemøtet i 2019 er det fastsett at reglane i mållova for statstenesta skal gjelde for den administrative delen av verksemda.

Høyringssvaret er skriva i samarbeid med Samisk kyrkjeråd og Døvekyrkja.

Samiske språk

Kyrkerådet støttar forslag til § 5 om samisk språk.

§ 11 foreslår at kommunar kan gjere vedtak om dei berre vil bruke bokmål eller nynorsk eller begge deler. Det er positivt. Samtidig er det kjent at kommunar mange stader også arbeider med å bli innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. For at desse prosessane også skal ha ein like stor verdi, er det viktig at dei blir verdsett, for eksempel ved å bli nemnt i lov. Vi saknar difor ein tilsvarande omtale av korleis kommunar som ønskjer å bli tospråklege med norsk og samisk skal gå fram for å få dei nødvendige vedtaka og registreringane. Etter dette lovforslaget er det Språkrådet som skal ha oversikt over språkvedtak i kommunane. Ein kunne tenkt seg at Sametinget kunne hatt ein tilsvarande oversikt over kommunar som ønskjer å bruke samisk språk. Forvaltningsområdet for samiske språk er særleg relevant for Den norske kyrkja fordi kyrkjelydar i dette området er forplikta til å følgje samelovens § 3-6.

Kyrkerådet vil peike på behovet for tekstar på samisk frå statsorgan til kommunar og fylkeskommunar. Kommunar som nyttar samisk språk må nytte mykje ressursar på å omsetje dokument som kjem frå statsorgan til samisk for å kunne kommunisere med innbyggjarane på samisk. For å bidra til å auke statusen til samiske språk som offentlege språk burde kommunar som har valt å bruke samisk kunne få dokument frå statsorgan på samisk. Det ville synleggjere og styrke utviklinga av samisk som eit moderne samfunnsspråk som kan nyttast i det offentlege rom.

Kyrkjemøtet i 2019 vedtok ein strategiplan for samisk kirkeliv. Her er det lagt planar for å styrke samisk språk og kultur mellom anna i gudstenester og trusopplæring. «I gudstjenesten møter mennesker evangeliet om Jesus Kristus. Det har stor betydning at gudstjenesten er et sted der man opplever et fellesskap med andre samer, og et samisk trosfellesskap der språk og innhold er livsnært og relevant. For mange er det å høre ordet, motta sakramentene og ikke minst oppleve salmesangen på samisk viktig.» (Sak KM 14.2/19)

«Styrking av språkkompetansen for å gi tilbud om et likeverdig kirkelig tilbud er en sentral oppgave. (...) Synliggjøring og bruk av samisk språk og kultur er også en forpliktelse av teologisk og diakonal karakter som for eksempel er forankret i pinsebudskapet og i kirkens forkynnelse om likeverdighet i form av kampen for rettferdighet.» (Sak KM 14.2/19)

Nasjonale minoritetsspråk

Kyrkerådet støttar forslag til § 6 om nasjonale minoritetsspråk.

Vi vil peike på at ein mangel i dette lovarbeidet er at vi veit for lite om situasjonen for rom og romani (jf. NOU 2015_7 Assimilering og motstand Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag). Denne mangelen er særleg alvorleg fordi desse gruppene har blitt utsett for harde assimileringstiltak, der barn mellom anna blei tatt vekk frå foreldre og tater-

/romanikvinner blei sterilisert så dei ikkje skulle få barn. For å kunne arbeide med vitalisering/revitalisering av språk, må ein vite noko om situasjonen til språket. Kyrkerådet oppmodar styresmaktene til å gjere noko med mangelen på kunnskap om tilstanden til desse språka.

Norsk teiknspråk

Kyrkerådet er glade for at staten tar ansvaret for å erklære norsk teiknspråk som nasjonalt språk i § 7. Teiknspråk som eit språk har tidlegare blitt undertrykt og det betyr mykje at norsk teiknspråk no blir anerkjent gjennom Språklova.

I Den norske kyrkja har vi døvekyrkjelydar som har norsk teiknspråk som språket i kyrkjelyden. Døvekyrkjelydane har sin identitet i teiknspråk og døve sin kultur og historie. Døvekyrkjelydane representerer ein minoritet i det norske samfunnet og i Den norske kyrkja. Vi viser til høyringssvaret frå døvekyrkja, men vil også legge fram nokre merknadar her.

Vi viser til St.meld. nr 35 (2007-2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk der det blir slått fast at «Alle skal ha rett til språk, [...] å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk [...] og alle skal få høve til å læra seg framande språk» (s. 26). FN-konvensjonen om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) er i tillegg eit sentralt dokument for utforming av ein språkpolitikk som tar vare på norsk teiknspråk.

I lovforslaget er det ikkje tatt inn noko om å fremje og verne norsk teiknspråk. Dette ser vi som ein mangel. Ei symbolsk verdsetjing av norsk teiknspråk er ikkje nok for at teiknspråket og kulturarven skal overleve. Her støttar vi høyringssvaret frå Norges Døveforbund, og viser til dette for nærare grunngjeving.

Døvekyrkjelydane som teiknspråkleg trussamfunn møter utfordringar der det ikkje finst støtteordningar eller utviklingsmidlar for materiell på norsk teiknspråk. Dette gjeld for eksempel omsetjing av bibeltekstar og andre religiøse tekstar.

Gudstenesteliv på norsk teiknspråk burde få ein større plass på TV, og då er det behov for ei finansiering av produksjon av opptak. I dag er det gudstenester på teiknspråk i døvekyrkjelydane og på NRK 2. juledag. Her er det rom for fleire gudstenester og andakter både på TV og på internett. Då vil ein kunne nå ut til mange fleire med religiøst innhald på norsk teiknspråk.

I Kyrkjemøtet sitt vedtak om satsinga på kunst og kultur vert mellom anna teiknspråkpoesi trekt fram. «Et mangfold av estetiske uttrykk hører hjemme i kirkens rom. Taktill kunst, ordkunst, tegnspråkpoesi og andre visuelle uttrykksformer er eksempler på kunstformer som også kan kommunisere på en særlig måte med mennesker med funksjonsnedsettelse.» (Sak KM 11/18 Rapport og veivalg for Den norske kirkes kunst- og kultursatsing)

Det manglar i dag kvalifiserte teiknspråkomsetjarar og teiknspråkmodellar. Døvekyrkja foreslår at det blir oppretta eit utdanningstilbod for teiknspråklege personar som ønskjer å jobbe som omsetjarar eller modellar. Kyrkjerådet støttar dette forslaget og viser til døvekyrkja sitt høyringssvar for fleire detaljar.

Offisielle skriftnormalar

I forslaget til § 18 blir det fastsett at Språkrådet «forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk». Kyrkjerådet ser eit behov for at det også blir gjort vedtak om kven som forvaltar dei offisielle skriftnormalane for minoritetsspråka og urfolksspråka i Noreg. Vi har erfaring med at det kan vere ulike syn på kva som er rett rettskriving. Det kan føre til utfordringar for eksempel i arbeid med omsetjing av liturgiar. For å gi meir bruk av minoritetsspråk og urfolksspråk i det offentlege rom er det viktig at også urfolksspråk og minoritetsspråka har ordningar for skriftnormalar. Det å ha eit fagmiljø som kan gi råd om språkbruk vil gjere det lettare for institusjonar, etatar og organ å bruke desse språka.

For Den norske kyrkja er det viktig å auke bruken av minoritetsspråk både fordi morsmål talar til menneske på ein spesiell måte, men også fordi det er viktig for å heve statusen til minoritetsspråk. For at vi skal kunne bidra til det arbeidet, treng vi hjelp av faginstansar som kan rettleie oss i kva som er rett skriftnormal for det aktuelle språket.

-

Alle svar må gjennom ei manuell godkjenning før dei kan visast på regjeringa.no.